

PERSONVERNERKLÆRING

for Klepp kommune



KLEPP KOMMUNE

1. januar 2018

PERSONVERNERKLÆRING

for Klepp kommune

Denne personvernerklæringa for behandling av personopplysningar i Klepp kommune er generell, og det kan finnast særskilde erklæringar for dei ulike tenesteområda.

Klepp kommune ønskjer å sikre at du som brukar av kommunale tenester skal føle deg trygg på at gjeldande lovar og reglar blir følgt for behandling av personopplysningar i kommunen.

I Klepp kommune behandlar vi personnummer som ei sensitiv personopplysning.

Korleis behandlar kommunen dine personopplysningar

Opplysningar som du sender inn til kommunen blir vidareendt til rett saksbehandlar/ behandlingansvarleg. Opplysningane gjer at våre tilsette kan utføre nødvendig saksbehandling.

Dei innsamla opplysningane om deg blir behandla på same måte enten du sender inn vanlege papirdokument eller elektroniske dokument.

Rett til informasjon om behandling av personopplysningar

Alle som ber om det skal få vite korleis opplysningane om eigen person blir behandla.

Rett til innsyn

Du kan ta kontakt med alle våre tenester og be om å få vite kva slags opplysningar dei har om deg, kva dei skal brukas til, og kor dei er henta inn frå. Dette gjeld både elektroniske og manuelle register.

Du kan krevje at feilaktige eller mangelfulle opplysningar om deg blir retta. Vi tilrår difor at alle bruker innsynsretten aktivt og gir beskjed til tenesta dersom noko er feil.

Du kan krevje at unødvendige opplysningar om deg blir sperra eller sletta. Vi skal slette eller sperre opplysningar som ikkje lenger er nødvendige for formålet med registreringa. Dette gjeld ikkje dersom opplysningane skal oppbevarast i høve til anna lovgjeving, til dømes rekneskapslova, offentleglova og arkivlova.

Når du ber om innsyn, retting og sletting er dette gratis. Kopiering vil kunne føre til krav om betaling.

Partsinnsyn etter forvaltningslova

Det går fram av forvaltningslova § 18 at ein part har rett å gjere seg kjent med dokument i eiga sak. Det er enkelte unntak for mellom anna interne dokument.

Pressa og allmennheta sitt innsyn etter offentleglova

Hovudregelen etter offentleglova er at forvaltningsorgana sine saksdokument er offentleg tilgjengelege. Det betyr at alle som spør om det, presse og andre, vil kunne gjere seg kjende med innhaldet i kommunen sine saksdokument.

Di henvending til oss vil dermed og vera offentleg, anten han kjem i form av brev, telefaks eller epost.

Kommunen behandlar ein del dokument som inneheld sensitive opplysningar og som dermed krev teieplikt. Slike dokument er ikkje offentlege. Interne arbeidsdokument er heller ikkje offentlege.

Personvern og teieplikt

Alle tilsette i kommunen har teieplikt. Dei tilsette plikter å hindre at andre får kjennskap til personlege opplysningar om deg, dersom du ikkje har gitt samtykke til dette.

For enkelte saksområde er teieplikta ekstra streng, og enkelte av særlovane gjev særleg strenge reglar om dette.

Oversikt over personopplysningar

Klepp kommune skal ha oversikt over alle fagsystem som inneheld personopplysningar.

Vidareformidling

Vår policy er at vi ikkje skal selja, byta eller på annan måte vidareformidle informasjon av nokon art om deg til tredjepart, utan at du har samtykka til dette. Dette gjeld ikkje i den grad vidareformidlinga er nødvendig og i tråd med regelverket i den enkelte saka. (T.d. i utveksling av helseopplysningar ved behandling av pasientar.)

Informasjonstryggleik

Vi har etter personopplysningslova ansvar for å sørge for at personopplysningane er tilstrekkeleg sikra.

Vi sikrar at berre dei som har eit tenesteleg føremål får tilgang til opplysningane. Vidare sikrar vi at opplysningar ikkje kan endrast eller bli sletta av andre enn dei som er autoriserte til å gjere dette.

Vi sikrar at personopplysningane er tilgjengelege når det er nødvendig for å utføre arbeidsoppgåvene våre, for å gje deg ei best mogleg teneste.

Du bør ikkje sende sensitive opplysningar til kommunen i usikra e-post eller vedlegg til e-post, men heller i vanleg brev.

Informasjonskapslar (cookies)

Informasjonskapslar er små tekstfiler som blir plassert på datamaskinen din når du lastar ned ei nettside. Innhaldet i informasjonskapslane blir utveksla mellom datamaskinen din og www.klepp.kommune.no kvar gong du ser på ei nettside. Kapslane sørger for at nettstaden fungerer best mogleg og blir ikkje nytta til å identifisere deg som person. [Slik administrerer du informasjonskapslar/cookies](#)

Elektroniske skjema

Våre elektroniske skjema blir levert av Sem & Stenersen Prokom. Alle opplysningar som blir overført mellom datamaskinen din og servane våre går føre seg over sikker kryptert linje (SSL).

Sem & Stenersen Prokom skal sikre at du som brukar av tenestene skal føle deg trygg på at gjeldande lovar og reglar blir følgt og at datatryggleiken er ivaretatt. Sikker behandling av data vil til ei kvar tid bli dokument etter gjeldande lovkrav.

Spørsmål

Dersom du har spørsmål om personvernerklæringa, kan du kontakte Servicetorget:

Postadresse:
Klepp kommune
Postboks 25
4358 KLEPPE

Epost: postmottak@klepp.kommune.no

Sentralbord: 51 42 98 00

Aktuelle lenker

[Datatilsynet](#)

[Forvaltningsloven](#)

[Personopplysningsloven](#)

[Offentleglova](#)

Meir om tema - lenker til andre nettstader:

[Blankettar frå Brønnøysundregistrene](#)

[Informasjonsplikt og innsynsrett](#)

[Kameraovervaking](#)

[Kredittopplysning](#)

[Personvern](#)

[Slettmeg.no](#)

[Verktøy og skjema frå Datatilsynet](#)